

Bruksreglement for Haugtun

- De skal overta Haugtun reinvaska og klart til bruk
- Reine kjøkkenhandkle og oppvaskklutar finn de ute i grovkjøkkenet
- Reinhaldar tek ansvar for vask av kjøkkenhandkle, moppar og oppvaskklutar. Leigetakar sørger for at dei er skylt godt av og hengt opp på grovvasken på vaskerommet
- Vaskemiddel/utstyr står på vaskerommet i første etasje, og i benkeskap på kjøkkenet
- Toalettpapir og tørkepapir er lagra i kjellarbod utanfor vaskerommet
- Bruksanvisning for oppvaskmaskin står oppslått på kjøkkenet. Leigetakar må tømme ut vatnet og vaske oppvaskmaskina innvendig etter bruk
- Det er ikkje tillate å røyke innandørs
- Levande lys skal ikkje brukast på scena. Bruk av levande lys på borda må arrangerast slik at det er 100 % brannsikkert.
- Sjekk at alle nødutgangar og brannsløkkingsutstyr er lett tilgjengeleg under tilstellingar, og at det ikkje er plassert bord og anna utstyr til hinder for tilkomst
- Leigetakar har plikt til å orientere dykk i oppslag om brann og rømningsvegar
- Leigetakar treng ikkje vaske golv og toalett, dette vert ordna av reinhaldar i etterkant.
- Leigetakar har ansvaret for å fjerne alt av søppel etter arrangementet
- Etter arrangementet skal de slå saman klappborda, og plassere dei bakerst i salen. Stolar vert stabla og sett bakerst ved vegg og ute i det vesle rommet ved sidan av storsalen.
- Utstyr som er brukt skal vaskast/tørkast av: bord, stolar, kjøkkenbenkar, kjøkkenfrontar, m.m. Kjøleskap, komfyr og mikrobølgeovn skal vaskast både innvendig og utvendig
- Leigetakar kostar golva, og forlet lokalet ryddig og utlufta. Sjekk at vindauga er lukka, lyset sløkt og dørene låste
- Sjekk også at komfyr, kaffitraktar og anna kjøkkenutstyr er avslått!

Vi ynskjer lukke til med arrangementet!